



Atle Raa  
Stemmeveien 22  
5009 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/5914 - 15/1744

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2015

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 193/17 og 194/6 Mundal.

### Saka gjeld

Lindås kommune har 30.12.2014 mottatt søknad om reduksjon av gebyr på kr 28 500,-, som er knytt til løyve datert 26.11.2014. Løyvet omfattar utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar til felles anlegg, dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan, dispensasjon frå byggjeforbotet i 100-metersbeltet langs sjø og løyve til etablering av anlegget etter plan- og bygningslova § 20-1.

Søknaden er grunngitt som følgjer:

«Etter vår oppfatning står ikke gebyrenes størrelse i forhold til tiltakets størrelse. Vi søker derfor om redusert gebyr, jfr pkt 4.12.»

### Vurdering

Det følgjer av gebyrregulativet for Lindås kommune for 2015, punkt 4.12, at «Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal vera grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»

Ordlyden «særleg grunn» tilseier at det må gjerast ei konkret vurdering i den einskilde sak, og det må liggja føre sterke grunnar for å kunne fastsetja eit redusert gebyr. Dette for at gebyrregulativet ikkje skal verta uthola som forskrift.

Det fastsette gebyret i saka er korrekt i forhold til gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune. Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege utgifter knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjon også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker. Søknaden om gebyrreduksjon vert med dette avslått med heimel i punkt 4.12 i gebyrregulativet.



**Klagerett**

Det er klagerett på vedtaket, jf fvl § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

**Vilkår for å reisa sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høvet til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Olav Bjørnevoll

Øvre Flaktveit 14    5135

FLAKTVEIT

**Mottakarar:**

Atle Raa

Stemmeveien 22    5009

BERGEN